



Lokal deltakar, Karsten A. Haugland, får instruksjonar av instruktør Stig A. Hordvik på kurset i 2015

Det har blitt ein tradisjon at DNT Fjellsport Bergen arrangerer kurs i fjellklatring i Uskedalen i juni/juli. Slik vert det også i år. Kurset denne sommaren vil som vanleg vare ei veke, og det startar 26.juni og vert avslutta 2.juli. Det er planen å ha base i Eikedalen første delen og på Fjellandsbø og i Ulvanåso siste dagane.

Det vert sagt at gledene ved klatring i fjellet er vanskelege å formidla. Dei må nesten opplevast. Kurs i fjellklatring er derfor ein sikker investering i fjellopplevingar. Merkeleg nok har det vore lita lokal deltaking dei siste åra. Uskedalsungdommen Karsten André Haugland var med på kurset for to år sidan. Det gav verkeleg meirsmak. Elles har deltakarane kome frå heile landet, ja, det har til og med vore utanlandsk deltaking, for klatreeldoradoet i Uskedalsfjella er kjend langt utanfor landegrensene.

Målet med kurset er at det skal gje deltakarane eit grunnlag for å kunna klatra i naturleg sikra ruter på led, etter å ha samla meir erfaring. Kurset fokuserer spesielt på klatring i fjellet. Dei vil derfor opphalda seg i fjellet store deler av kurset, fortel arrangørane i kursinformasjonen. Aldersgrensa for deltaking er 16 år, der dei som er under 18 år, må leggja fram samtykke frå føresette. Dei siste åra har aldersspennet vore frå 16 til godt og vel 50 år, men det er ikkje noka øvre grense. Deltakarane må vera i normalt god fysisk form. Klatreerfaring er ikkje nødvendig.

Uskedalen.no har fulgt desse kursa dei seinare åra. Tilbakemeldingane vi har fått frå deltakarane har vore særdeles gode. Både sosialt og fagleg har dei vore svært godt fornøgdte, og instruktørane har fått topp karakter.

Meir opplysningar om kurset med påmeldingsinformasjon finn de ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: DNT Fjellsport Bergen.